



Sak nr 24/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om veg til Nestisvatnet

Stølseigarane i Strø v/Ole Høyne søker i brev datert 13.5.12 om å få laga til kjøreveg ned til Nestisvatnet. Vegen skal brukast til utsetting av båt og brukast i samband med fiske. Vegen skal vera open for alle. Søklarane ynskjer ein vegstandard for traktor. Ved å legge om den eksisterande vegleia noko i nedre del blir det vegen lite synleg og med minimalt terrenginngrep, utanom vegrøyr ved to små bekkar.

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog og søkjaren under befarung den 18.6.12.

Stig/veg ned til Nestisvatnet har tidlegare vore brukt til transport med traktor eller 4x4-bil, men må reknast som ein stig i dag. Det er veg til Nestisvatnet lengre sør i Nestisvatnet, men det er dårleg bru over Kjeslaråne. Det vart også sett på dette alternativet under befarung.

Veg som ikkje er opparbeidd for kjøring med vanleg bil er å rekne som utmark etter lov om motorisert ferdsel i utmark. Det er derfor ikkje lov å bruke vegen til det formål som er omsøkt. Etter kontakt med kommunen kan det ikkje gjevast generell dispensasjon for kjøring på traktorvegen. For å få ein veg som er lov å bruke, må han lagast og haldast vedlike med standard for vanleg personbil. Ole Høyne har på telefon den 20.6.12 opplyst ein ynskjer å endre søknaden i samsvar med dette. Ved ein høgare standard på vegen kan det av tekniske løysingar vera aktuelt med mindre endringar på plassering av vegen.

Opparbeiding av veg er grunndisponeringstiltak som Statskog avgjer etter uttale frå fjellstyret.

## Vedtak:

Fjellstyret tilrår at søkjaren får opparbeid veg til Nestisvatnet i samsvar med endra søknad. Fjellstyret har ikkje merknader til mindre endringar på vegtrasé om det blir nødvendig som følgje av endra vegstandard.

Knus Kjøs Egge var inhabil i saka og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Stølseigarane i Strø v/Ole Høyne  
Statskog  
Vestre Slidre kommune